



MØTEPROTOKOLL

| | |
|---------------|---------------------------------|
| Utval: | Maritim og teknisk komite |
| Stad: | Herøy rådhus, Formannskapssalen |
| Dato: | 27.11.2017 |
| Tid: | 15:00 – 16:30 |

Medlemmer som møtte:

| | | |
|-----------------------|-----------|-----|
| Idar Kjell Tarberg | Leder | H |
| Marthe Vågsholm Sævik | Medlem | H |
| Anja Pedersen | Medlem | FRP |
| Ole Brubakk | Medlem | KRF |
| Runar Stave | Nestleder | AP |
| Olaug Andreassen | Medlem | AP |
| | | |

Forfall:

| | | |
|-----------------|------|---------|
| Frank Roy Moltu | MEDL | FOLK/SP |
|-----------------|------|---------|

Varamedlemmer som møtte:

| | | |
|-----------------|-----------------|---------|
| Bjarne Kvalsvik | Frank Roy Moltu | FOLK/SP |
|-----------------|-----------------|---------|

Andre:

Kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Martin Møller

Til å skrive under protokollen saman med leiaren vart desse valde:
Ole Brubakk og Bjarne Kvalsvik

Skriv delt ut i møte:

MTK-sak 67/17

Drøftingar:

Kommunalsjef drøfta «Multiplay»

Ole Brubakk

Idar Tarberg

Bjarne Kvalsvik

underskrifter

SAKLISTE:

| Saksnr | Innhold |
|----------|--|
| PS 59/17 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| PS 60/17 | Protokoll frå førre møte. |
| PS 61/17 | Delegerte saker |
| PS 62/17 | Referatsaker |
| PS 63/17 | Ekstra tildeling av midlar til serskilde miljøtiltak i landbruket (SMIL) for 2017 |
| PS 64/17 | Avlaupsplan - omprioritering av mindre tiltak |
| PS 65/17 | Randi Urke 38/161 - Dispensasjon frå arealformål - Løyve til oppføring av tilbygg til eksisterande hytte |
| PS 66/17 | Budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021. Andre handsaming |
| PS 67/17 | Revidert forskrift for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk |

Delegerte saker frå avdelingane

| | |
|----------|---|
| DS 27/17 | Ferdigattest - 42/11 seksjon 10 |
| DS 28/17 | Ferdigattest - 81/24 - garasje |
| DS 29/17 | Benedicte Hansen og Jarle Petter Jøsok - 26/30 - Påbygg, tilbygg og renovering av eksisterande einebustad |
| DS 30/17 | Sissel Vigdel - 42/11 seksjon 3 - Løyve til utviding hems og innvendig endring taksperrer i naust |
| DS 31/17 | Angelica Chamorro 16/26 skorsteinsrehabilitering |
| DS 32/17 | Ferdigattest riving - 26/6 og 215 |
| DS 33/17 | Oddvar Leine - 25/8 - Rehabilitering skorstein |
| DS 34/17 | Aleksander Vethe Sandvig - 42/11 seksjon nr 4 - isolering og rominndeling naust |
| DS 35/17 | Ferdigattest - 58/40 - Garasje med hybelleilegheit på loft |
| DS 36/17 | Bjørn Martin Aasen - 42/11 seksjon nr 10 - Isolert hems i naust |
| DS 37/17 | Ko&Ko AS 23/46 Løyve til igangsetting deler av tiltak |
| DS 38/17 | Marine Harvest AS 38/8 - Løyve til igangsetting for resten av tiltaket |
| DS 39/17 | Atle Skorpen 62/48 - Ferdigattest |
| DS 40/17 | Ferdigattest naust 42/11 seksjon nr 4 |
| DS 41/17 | Ferdigattest - 16/134 - garasje |
| DS 42/17 | Ferdigattest - 80/14 - Einebustad |
| DS 43/17 | Ferdigattest - 45/127 - Gatekjøkken/midlertidig bygg |
| DS 44/17 | Leif Harald Øien - 42/12 seksjon 11 - Isolering av naust |
| DS 45/17 | Ferdigattest terrasse - 45/90 seksjon nr 1 |
| DS 46/17 | Ferdigattest - 46/82 - Einebustad og garasje |
| DS 47/17 | Mellombels bruksløyve - 31/189 - seksjon 5 |
| DS 48/17 | Dragsund Verkstedbygg as - 45/184 - Løyve til oppføring skilt/reklame på fasade |
| DS 49/17 | Ferdigattest - 62/49 - garasje/bod |
| DS 50/17 | Ferdigattest - klubblokale - 17/60 |

- DS 51/17 Ferdigattest - garasje - 37/387
- DS 52/17 Reidar Blankholm 27/1, 27/103
Ferdigattest
- DS 53/17 Inger Olsen 37/270 - Ferdigattest
- DS 54/17 Krystallrent as - 45/127 - Midlertidig løyve
til bygg
- DS 55/17 Søknad om ny eller endra avkøyrslø -
34/300 - Igesundvegen 12
- DS 56/17 Svein Nærø Gnr. 24 bnr. 2 Frådeling av eit
regulert område
- DS 57/17 Målfrid Almestad gnr. 38 bnr. 3 Frådeling
av tilleggsareal til gnr. 38 bnr. 38
- DS 58/17 Inga Goksøyr - 19/171 - Ferdigattest

RS 251/17

Referatsaker

K-sak 127/17. Særutskrift Ungdata 2017 -
Rapportar frå undersøkinga

PS 59/17 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

PS 60/17 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.

Møtebehandling:

Protokollen frå førre møte låg føre.

PS 61/17 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegerte saker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

PS 62/17 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatsaker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

PS 63/17 EKSTRA TILDELING AV MIDLAR TIL SERSKILDE MILJØTILTAK I LANDBRUKET (SMIL) FOR 2017

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Maritim og teknisk komite - 27.11.2017

Maritim- og teknisk komitè løyver kr. 45.200,- i SMIL midlar til Mulevika Beitelag BA. Løyvinga gjeld kostnaden med oppsetting av del 2 av den nye utmarksgarden på Kvalsund gnr. 4 og Teige gnr. 5.

Vilkår:

1. Alle juridiske forhold om rettigheitar og konsesjon, må vere avklara før tiltaket vert starta opp.

2. Samtykke/ løyve frå grunneigarane.
3. Alle miljøverdiar, samt areal der det er risiko for tap av jord og næringsstoff, skal kartfestast og beskrivast, jamfør forskrifta §6.
4. Alle som har dyr på beite i dette området må ha godkjent gjødselplan for sitt føretak.
5. Tiltaket skal vere gjennomført innan 01.10.2020 viss det ikkje vert søkt om utsett arbeidsfrist på inntil 2 år.

Lovheimel: FOR 2004-02-04-448 Forskrift om tilskot til Særskilde Miljøtiltak i jordbruket.

PS 64/17 AVLAUPSPLAN - OMPRIORITERING AV MINDRE TILTAK

Møtebehandling:

Maritim og teknisk komite kom med slik ny samrøystes tilråding:

«Herøy kommunestyre endrar prioritering i avlaupsplanen sin handlingsdel slik:

Avlaupsprosjektet i Verket vert tatt inn som nytt tiltak med realisering i 2018. Prosjektet er kostnadsrekna til 3 mill kr og inkluderar leidningstrase på land, overløpsleidning til sjø og pumpestasjon inkludert tilkomst. Finansiering ved omdisponering i avlaupsplanen»

Tilråding i Maritim og teknisk komite - 27.11.2017

«Herøy kommunestyre endrar prioritering i avlaupsplanen sin handlingsdel slik:

Avlaupsprosjektet i Verket vert tatt inn som nytt tiltak med realisering i 2018. Prosjektet er kostnadsrekna til 3 mill kr og inkluderar leidningstrase på land, overløpsleidning til sjø og pumpestasjon inkludert tilkomst. Finansiering ved omdisponering i avlaupsplanen»

PS 65/17 RANDI URKE 38/161 - DISPENSASJON FRÅ AREALFORMÅL - LØYVE TIL OPPFØRING AV TILBYGG TIL EKSISTERANDE HYTTE

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Maritim og teknisk komite - 27.11.2017

1. Maritim og teknisk komite (MTK) gjev med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanens arealdel og frå strandsonevernet i pbl § 1-8, med sikte på oppføring av tilbygg til eksisterande hytte på gnr 38 bnr 161 i Herøy kommune.

2. Med heimel i plan- og bygningslova av 27. juni 2008 nr 71 § 21-4, med tilhøyrande forskrifter og vedtekter godkjenner Maritim og teknisk komite søknad om løyve til tiltak etter pbl § 20-1, jfr § 20-4, datert 05.09.2017 med tilhøyrande tilleggsdokumentasjon innsendt 12.09.2017.

MTK gjev løyve til oppføring av tilbygg til eksisterande hytte på gnr 38 bnr 161, slik det er søkt om og etter innsendte teikningar, situasjonsplan og søknad datert 12.09.2017.

Dispensasjonen og løyve til tiltak er grunngeve med at tilbygget vil bidra til ei meir tenleg hytte for eigarane. Hytta ligg der frå før og eit tilbygg vil ikkje bidra til endra bruk av tomta. Det er ikkje kome merknader til søknaden verken frå naboar eller regionale høringsinstansar.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3-tre – veker frå den dag melding om vedtak har kome fram til den som har klagerett, jfr Plan-og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

PS 66/17 BUDSJETT 2018 OG ØKONOMIPLAN 2018-2021. ANDRE HANDSAMING

MTK-sak 66/17. Samrøystes vedtak i MTK 27.11.2017

Framlegg frå Idar Tarberg

1. MTK tek budsjettet og økonomiplanen 2018-2021 til vitande, men komiteen er sterkt bekymra for at det ikkje er avsett ekstra midlar til vegvedlikehald og reasfaltering av det kommunale vegnettet.
2. Komiteen ber administrasjonen undersøke om reasfaltering av dei meste nedslitne vegdekka kan finansierast over investeringsbudsjettet.

Framlegget frå Idar Tarberg vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå Runar Stave

MTK ber formannskapet vurdere å flytte jektenaust/p-plass til 2018 (2019) med henvisning til tilleggsnotat i K-sak 121/17.

Framlegget frå Runar Stave vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Maritim og teknisk komite - 27.11.2017

1. Rammene til dei ulike avdelingane blir slik i 2017 (runda av til næraste kr 5.000,-).

| | 2017 | 2018 |
|--|---------|---------|
| POLITISK LEIING | 4.050 | 4.080 |
| ADMINISTRATIV LEIING | 3.380 | 1.795 |
| STAB | 44.240 | 46.010 |
| Servicetorg | 2.960 | 3.185 |
| Dokumenter/innkjøp/stabsløiing | 2.180 | 3.930 |
| Økonomiavdeling | 5.650 | 5.700 |
| Personal- og organisasjonsavd | 7.810 | 7.425 |
| IKT | 6.760 | 6.610 |
| Eigedom | 18.880 | 19.160 |
| OPPVEKST | 180.230 | 182.550 |
| Barnehageavdeling | 67.140 | 67.920 |
| Grunnskuleavdeling | 113.090 | 114.630 |
| HELSE OG OMSORG | 198.885 | 206.330 |
| Administrasjon Helse og omsorg | | 1.310 |
| Barn, familie og helse (inkl NAV og flyktning) | 48.600 | 47.455 |
| Pleie- og omsorg | 109.315 | 108.320 |
| Bu- og habilitering | 40.970 | 39.700 |
| Tenestekoordinering | | 9.545 |
| SAMFUNNSUTVIKLING | 30.550 | 31.710 |
| Kulturavdelinga | 8.620 | 8.315 |
| Utviklingsavdelinga | 21.930 | 6.385 |
| Brannvern avdelinga | | 8.800 |
| Anleggs- og drifts avdelinga | | 8.210 |
| OVERFØRINGSKAPITTELET | 13.260 | 13.850 |
| SAMHANDLINGSREFORMA, MOTTA | (1.180) | |

2. Herøy kommune vedtek den gjeldande maksimalsatsen for inntektsskattørar for år 2018.
3. Kommunale avgifter, betalingssatsar, husleiger og eigendelar vert prisjustert om ikkje anna vert bestemt særskilt.
4. Det vert vedteke slike endringar i betalingssatsane:
 - a. Barnehagesatsane følgjer den statlege maksimalprisordninga i 2018. Kr 2.910,- for heil plass + matpengar kr 350,-.
 - b. Husleiga for kommunale utleigebustadar vert regulert årleg etter kontraktsdato dersom endringa i konsumprisindeksen for same periode er positiv. Ved inngåing av ny husleigekontrakt vert veiledande husleige for leigeobjektet vurdert opp mot og eventuelt regulert til same nivå som for tilsvarande kommunale leigeobjekt. Dersom husleigesatsen for eit eller fleire kontraktsforhold avviker frå gjengs leige, kan forvaltar regulere husleiga til gjengs nivå i tråd med krava i husleigelova.
 - c. Vaksinasjon kr 350,- pr konsultasjon + dekning av vaksinekostnader.
 - d. Abonnementsordninga for heimetenestene vert slik:
 - Timepris: kr 370,- (kr 360,- i 2017)
 - 2-3 G – Kr 1.400,- per mnd (Uendra frå 2017)
 - 3-4 G – Kr 1.750,- per mnd (Uendra frå 2017)
 - 4-5 G – kr 2.100,- pr mnd (Uendra frå 2017)

- Over 5 G – kr 2.450,- per mnd (Uendra frå 2017)

e) Leige tryggleiksalarmar kr 330,- per månad (kr 320,- i 2017).

f) Korttidsopphald institusjon kr 155,- pr døgn (uendra)

Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentrale justeringar.

g) Dagplass ved institusjon kr 80,- pr dag (uendra).

Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentrale justeringar.

h) Sal av middag ved institusjonane kr 90,- pr middag (kr 90,- i 2017)

i) Utkøyring og sal av middag frå institusjonane kr 100,- pr middag (uendra)

j) Fullkost per mnd kr 3.600,- eller kr 170,- per døgn (kr 3.600,- per mnd i 2017)

k) Kurdøgnprisen for opphald i institusjonane (sjukeheimane) vert sett til kr 2.050,- (kr 1.940,- per døgn i 2017). Prisen må bereknast eksagt når budsjettet til PO er vedteke – når tilrådinga til kommunestyret er kjent).

l) Eigenbetaling for elevplass i Kulturskulen blir kr 3.500,- (kr 3.400,-) gjeldande frå 01.08.2018. Andre prisar aukar med 3% frå 01.08.2018

m) Eigenbetaling for SFO-plass. Gruppe 3 Full plass kr 2.625,- (kr 2.500,-). Gruppe 2 (inntil 14 timar) kr 2.160,- per mnd (2.055,-) og gruppe 1 (inntil 10 timar per veke) kr 1.530,- (kr 1.455,-).Ferie SFO aukar med 5% Alt gjeldande frå 01.08.2018.

n) Tilknytningsavgift for kloakk, kloakkgebyr, feieavgift, renovasjonsavgift, avgift for tvungen slamtømming vert fastsett for 2018 gjennom eigne vedtak i kommunestyret.

o) Gebyrsatsane for byggesak, plan og oppmåling vert uendra frå 2017 til 2018

p) Andre avgifter, betalingssatsar etc som ikkje er nevnt over aukar med 3,0%

(Når det gjeld prisane innan pleie- og omsorg er målsetjinga eins prisar for alle kommunane på Søre Sunnmøre med unntak av kurdøgnprisen som reflekterer kva det kostar per døgn å bo på institusjon (sjølvkost).

5. Investeringsprosjekt som det er løyvd budsjettmidlar til i 2017, men som ikkje er avslutta, vil automatisk få overført unytta ramme til 2018.

6. Budsjettet for 2018 fører til slike nye faste stillingsheimlar:

a) 950% nye stillingar i Pleie- og omsorgsavdelinga

7. Kommunestyret ber om at stillingar vert haldne vakante så lenge det er forsvarleg.

8. Kommunestyret ber om at det vert gjort ein gjennomgang i alle sektorane innan 31.03.2018 med sikte på å finne tiltak som kan redusere driftskostnadene med 10 mill kr på årsbasis. Tiltaka skal vere realistiske og gjennomførbare. Dette er tiltak som skal kome i tillegg til rammereduksjonane for sektorane.

9. Kommunestyret ber om at det innan 31.03.2018 vert lagt fram ei sak om sal av kommunale bustader.

Inntekter frå sal av kommunale bustadar skal avsettast på investeringsfond for reinvestering i nye bustadprosjekt kommunen er byggherre for eller deltakar i på anna vis.

10. Det vert lagt fram særskilde saker for handsaming av avtalevilkår og økonomisk deltaking når søknad ligg føre, når det gjeld saker knytt til planlegging og utbygging i samband med næringsutvikling og infrastrukturanlegg.

11. Alle investeringsprosjekt, også dei som er omfatta av kloakkrammeplanen, skal så snart dei er ferdige leggest fram for kommunestyret for endeleg godkjenning (økonomisk avslutning).

12. Budsjettrapportering og rapportering etter måltal skal skje kvart tertial 30.04 og 31.08.
13. Kommunestyret vedtek eit låneopptak på NOK 99,08 mill for 2018. Ordførar og/eller rådmann får fullmakt til å ta opp og godkjenne lånevilkåra innanfor oppgitt låneramme i budsjettet (lånesummen kan bli justert ned til innstillingsmøtet i formannskapet).
14. Herøy kommunestyre godkjenner ein trekkrett i Danske Bank AS på inntil 100,0 mill kr. til utløpsdato for gjeldande bankavtale 01.09.2019 med oppsjon fram til 01.09.2020.
15. Kommunestyret vedtek låneporteføljen til Herøy kommune, og alle lån i porteføljen kan vere aktuelle for refinansieringar i budsjettåret 2018. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.
16. Rådmannen får fullmakt til å utføre budsjettendringar for det som vedkjem refusjon sjukeløn opp mot vikarutgifter, samt endringar knytt til mva kompensasjonen.
17. Kommunestyret vedtek budsjettet for 2018 og økonomiplanen for perioden 2018-2021 på grunnlag av dei rammer og føresetnader som er fastsett i denne planen.

PS 67/17 REVIDERT FORSKRIFT FOR SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Maritim og teknisk komite - 27.11.2017

Herøy kommunestyre vedtek kommunal forskrift for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk sitt arbeid i medlemskommunane etter tilråding frå representantskapet og administrasjonen i SSR.

MØTET SLUTT!